

# Sommaravslutning med grill-fest

Torsdag 15.juni  
kl. 18.00

inviterer me barnehageborna og elevane, og foreldre/føresette  
til felles avslutning av skule- og barnehageåret 16/17!

Barnehageborn og elevar har først eit lite program.  
Deretter vert det grilling – og sosialt samvær.

Kvar familie tek med det dei vil ha av grillmat m/tilbehør og brus/kaffi .



Vel møtt til ein triveleg avslutningskveld -  
og riktig god sommar til alle !

Helsing  
*FAU og alle oss i Austebygd barnehage og Austebygd skule.*

**NB! FAU-representantane + vararepresentantane på skulen og i barnehagen**  
har ansvar for å at dette arbeidet vert fordelt mellom dei:

- Innkjøp av grillkol + tennvæske (FAU-leiar har ansvar for dette.)
- Møta opp kl. 17.00 og rigga til bord/stolar + fyra opp grillane
- Ha hovudansvaret for at det vert rydda opp etter festen.

Kvar FAU-representant ringjer til sin vara – og avtalar kven av dei som skal møta kl.17.00 for å gjera alt klart til grillfesten, og kven som tek opprydninga etterpå.

**FAU oppfordrar også om at så mange som mulig vert med og ryddar og får alt på plass etter grillfesten!**

**Onsdag 21.juni kl. 19.00** skal 7.klassingane + føresette og tilsette på skulen ha avslutningsfest for avgangselevane våre.

**Siste skuledag i 16/17 er torsdag 22.juni.** Denne dagen sluttar elevane kl. 11.15, og skulebussen vert bestilt til dette klokkeslettet.

Siste skuledagen vert det tilbod om SFO frå kl. 11.15, etter vanleg torsdags-påmelding.

**Også i år er barnehagen stengt i veke 29 og 30, og alle barnehageborna tek i tillegg ut 2 ferieveker i forkant/etterkant av desse 2 vekene (som påmeld).**

**Onsdag 16.august er første barnehagedag - og torsdag 17.august er første skuledag til hausten (17/18)**